

## HFK-14-0123

### Markering av Europeisk mobilitetsveke (EMU) i Bergen

#### Vedlegg 1 - Kravspesifikasjon

##### Generelt:

Leverandør må i førebuingssfasen og gjennomføringsfasen delta på dei møter som er naudsynt og være dagleg tilgjengeleg på telefon og e-post. Leverandøren bør vere tilgjengeleg for signerings-/oppstartsmøte i juli.

Det kan ved særskilde høve bli aktuelt for HFK å be om mindre tilleggsytningar utover det som er nemnt. Dette blir i så fall avtalt på førehand og godtgjersle for dette blir avklart særskilt.

##### Plan for gjennomføring:

###### *Tysdag 16.09:*

Opninga vil bli markert med utdeling av frukt (som eple/banar) og drikkeflasker med vatn og evt anna «give-aways» i tida 07:30 – 09:00 ved tre stader i sentrum. Dette skal vera frukt til minst 2000 personar, og 1000 drikkeflasker.

Leverandør må rigge til og ordne det praktiske kring utdelinga, mellom anna hente det som skal delast ut og returnere overskotsmateriell. Leverandøren skal stå for innkjøp av fersk frukt og praktiske drikkeflaskar av god kvalitet som passar i standard flaskestativ for sykkel, samt påfylling av desse. HFK er ansvarleg for innkjøp av andre «give-aways». Etter utdelinga skal leverandør rydde boss og frakte dette bort til kjel-desortering. Det må vere to personar på kvar stad.

Hovudmålgruppa er dei som sykklar eller går, og utdelinga skal dekke innfartsvegane frå sør, vest og nord. Intensjonen er at utdelinga skal finne stad ved Musikkpaviljongen/Festplassen, Danmarks plass/Gamle Nygårdsbro og Puddefjordsbroen, men endeleg plassering kan ein kome attende til.

###### *Onsdag 17.09:*

Tilbod om enkel sykkelreparasjon ved 4 kjøpesentre i Bergen. Intensjonen er å stå ved Oasen, Lagunen, Vestkanten og Åsane senter i tida 14 - 18.

##### Leverandør skal :

- Ordne med ein enkel stand og alt det praktiske rundt tilbodet, som å inngå avtale med kjøpesenteret og sykkelreparatør med naudsynt utstyr på kvar stad.
- Foreta enkel kontroll av sykkelen og gje råd om vedlikehald og bruk
- Stramme/justere/smøre bremser, ratt, pedalar, kjeder og lykter, samt andre reparasjoner som kan utførast på staden.
- Dele ut «give-aways» og informere om EMU.
- Det må vere to personar på kvar stad, og ein av dei må vere kvalifisert sykkel-

reparatør.

HFK står for marknadsføring av tilbudet.

*Laurdag 20.09:*

Markering av «Bilfri dag». Ei gate i sentrum skal stengast for bilar og i staden gjerast tilgjengeleg for ulike aktivitetar. Dette blir anten Kong Oscars gate eller Bryggen. Blir Kong Oscars gate stengt kan det og vere mogleg areala på Nedre Korskirkeallmenning kan nyttast.

Leverandør skal i tidsrommet 11 – 15 tilby ulike aktivitetar som viser korleis gatebildet kan vere når bilane er borte. Døme på aktivitetar er sykkelløp, sykkelstunts, rebusløp, ringspill etc. Leverandør må og skaffe og setje ut bord og benkar til om lag 50 personar.

Leverandør skal under godkjenning av HFK utforme og gjennomføre alle oppgåver i samband med arrangementet. HFK sørger for at Kong Oscarsgate/Bryggen er stengt i nemnde tidsrom. Markeringa blir annonsert, så det må takast høgde for brei oppslutning frå publikum når det gjeld tilgjengelege ressursar og kapasitet.